


TEMAPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV



Vedteken av kommunestyre 23. februar 2021
Sist revidert 15.12.2023

Innhald

1	INNLEIING OG BAKGRUNN FOR PLANEN	4
1.1	INNLEIING	4
1.2	BAKGRUNN	4
1.3	PLANPROSESEN	4
1.4	OPPFØLGING OG BRUK AV PLANEN	4
2	DEFINISJONAR	5
3	UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN	6
4	MÅL FOR PLANEN	7
4.1	HOVUDMÅL	7
4.2	DELMÅL	7
5	SKILDRING AV NO-SITUASJON FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV	8
5.1	GENEREKT	8
5.2	REGISTRERTE IDRETTSLAG, UNGDOMSLAG OG IDRETTSAKTIVITETAR	8
5.3	REGISTRERTE FRILUFTSLAG, GRENDALAG, OG FRILUFTSAKTIVITETAR	9
5.4	REGISTRERTE IDRETTSANLEGG, NÆRMILJØANLEGG OG ANLEGG FOR FRILUFTSLIV	9
6	TILSKOTSORDNINGAR	9
6.1	OVERORDNA	12
6.2	TYSNES KOMMUNE	12
6.3	VESTLAND FYLKESKOMMUNE	13
6.4	STATEN	13
6.4.1	<i>Spelemidlar</i>	13
6.4.2	<i>Lokale aktivitetsmidlar</i>	13
6.4.3	<i>Miljøverndepartementet</i>	14
6.4.4	<i>Statsforvaltaren i Vestland</i>	14
7	OVERSYN OG VURDERING AV BEHOV FOR AKTIVITET, ANLEGG OG FRILUFTSLIV	14
7.1	OM KAPITTELET	14
7.2	IDRETT OG FYSISK AKTIVITET – ORGANISERT AKTIVITET	14
7.2.1	<i>Fotball</i>	14
7.2.2	<i>Handball</i>	14
7.2.3	<i>Symjing</i>	14
7.2.4	<i>Skyting</i>	14
7.2.5	<i>Klatring</i>	15
7.2.6	<i>Bowling</i>	15
7.2.7	<i>Ski</i>	15
7.2.8	<i>Motorsport</i>	15
7.2.9	<i>Golf</i>	15
7.2.10	<i>Riding</i>	15
7.2.11	<i>Segling</i>	16
7.2.12	<i>Orientering</i>	16

7.2.13	<i>Dans</i>	16
7.2.14	<i>Kampsport</i>	16
7.2.15	<i>Friidrett</i>	16
7.2.16	<i>Squash</i>	16
7.2.17	<i>Styrketrening</i>	16
7.2.18	<i>Aerobic/saltrening</i>	17
7.2.19	<i>Idrett for utviklingshemma</i>	17
7.2.20	<i>Idrett for vaksne og eldre</i>	17
7.2.21	<i>Bedriftsidrett</i>	17
7.2.22	<i>Idrett for barn og unge</i>	17
7.3	EIGENORGANISERT AKTIVITET.....	17
7.3.1	<i>Ballbinge</i>	17
7.3.2	<i>Roing/padling</i>	17
7.3.3	<i>Dykking</i>	17
7.3.4	<i>Bordtennis</i>	18
7.3.5	<i>Gaming</i>	18
7.3.6	<i>Tuftepark</i>	18
7.3.7	<i>Friluftsliv</i>	18
7.4	FRILUFTSOMRÅDE	18
7.4.1	<i>Område som BOF held ved like</i>	19
7.4.2	<i>Badeplassar</i>	19
7.4.3	<i>Turstigar</i>	19
7.4.4	<i>Turvegar</i>	20
7.4.5	<i>Bilvandringsturar</i>	20
7.4.6	<i>Gang- og sykkelvegar</i>	20
7.4.7	<i>Fisking</i>	20
7.4.8	<i>Båtutfart</i>	21
7.4.9	<i>Bær- og soppområde</i>	21
7.5	TURKART	21
8	INTERKOMMUNALE IDRETTSANLEGG, FRILUFTSANLEGG OG KULTURANLEGG	22
9	HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG OMRÅDE 2021 – 2025	22
9.1	PRIORITERTE ORDINÆRE ANLEGG FOR KOMANDE ÅR	22
9.2	PRIORITERTE ORDINÆRE NÆRMILJØANLEGG FOR KOMANDE ÅR	22
9.3	LANGSIKTIG DEL	22
9.4	FRILUFTSOMRÅDE SOM BØR SIKRAST FOR FRAMTIDA OG OPPJUSTERAST	23
9.4.1	<i>Prioriterte</i>	23
9.4.2	<i>Uprioriterte</i>	23

Innleiing og bakgrunn for planen

Innleiing

Det er mange grunnar til at kommunen utarbeider ein kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. For å kunne ta gode og framtidsretta avgjerder er det viktig at ein har oversikt over det området ein handsamar, og gjennomtenkte prioriteringar. Planen skildrar tilhøvet til den overordna kommuneplanen, går gjennom situasjonen i dag, og forklarer tilskotsordningar innanfor området. I tillegg vert det gjort greie for prioriteringar som Tysnes idrettsråd og kommunen har gjort, og kva ein bør prioritera i framtida.

Bakgrunn

- Kommunen har, ut frå plan- og bygningslova, eit ansvar for å leggja til rette for innbyggjarane gjennom planarbeid.
- Kulturdepartementet ønskjer betre målstyring og samordna utbygging av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Det er eit vilkår for spelemiddeltilskot at kommunen har ein slik plan.

Departementet kom med sitt første plankrav i 1988. Plankravet har sidan vore følgt opp og utvida.

Kommunane oppdaterer kvart år anleggsregister for idrettsanlegg og spelemiddelsøknader. Dette er eit krav for at kommunane skal kunne søkja om spelemedialar.

Planprosessen

Planen byggjer på eksisterande kommunedelplan for området og dei prioriteringar som har vorte gjort i samråd med Tysnes Idrettsråd og andre lag og organisasjonar i samband med årleg prioritering av spelemedialar.

Dette er ein temaplan. I praksis følgjer ikkje planen då handsamingskrav etter plan-og bygningsloven.

Oppfølging og bruk av planen

Planen skal vera eit styringsreiskap for politikarane.

Administrasjonen skal nytta planen til å følgja opp arbeidet i høve idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Planen skal rullerast kvart år i samband med prioritering av spelemedialar, slik at den er å jour med utviklinga i samfunnet og i kommunen, og med prioriteringane til dei aktuelle laga.

Det er planlagt ein meir omfattande revisjon av planen med oppstart i 2022.

Definisjonar

Planen nyttar ein del faste omgrep.

Idrett

Med idrett meiner me aktivitet i form av *konkurranse eller trening i den organiserte idretten*, jf. St.meld. nr. 14 (1999-2000)

Fysisk aktivitet

Med fysisk aktivitet forstår ein *eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar*, under dette friluftsliv og leikeprega aktivitetar, jf. St.meld. nr. 14 (1999-2000)

Friluftsliv

Friluftsliv inngår i St.meld. nr. 14 (1999-2000) som ein del av omgrepet fysisk aktivitet, mens friluftsliv St.meld. nr. 40 (1986-1987) vert definert som *opphold og aktivitetar i friluft i fritida med sikte på miljøendring og natur-oppleving*.

Ordinære anlegg

I hovudsak er dei *ordinære anleggstypane nært knyta til konkurranse- og treningsverksemnd for idrettsorganisasjonane*. Dei tekniske krava til mål og utforming av anlegga tar utgangspunkt i konkurransereglane til kvart enkelt særforbund. Døme på anlegg kan vera: fleir brukshallar, skianlegg, symjeanlegg, fotball- og friidrettsanlegg, og idrettshus.

Helsesportanlegg

Idrettsanlegg som primært vert nytta av funksjonshemma, som t.d. anlegg ved ulike kategoriar institusjonar.

Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er *anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, i hovudsak liggjande i tilknyting til bu- og/eller opphaldsområde*. Området skal vera fritt allment tilgjengeleg og berekna for eigenorganisert fysisk aktivitet, primært for barn og ungdom i aldersgruppa 6-19 år. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekka behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett. Nærmiljøanlegg skal vera uteanlegg.

Ballbingar, nærmiljøkart og turløyper er døme på nærmiljøanlegg.

Friområde

Omgrepet vert nytta om *avgrensa område med spesiell tilrettelegging og opparbeiding for ålmenta si uhindra rekreasjon og opphold*. Områda er ofte erverva, opparbeidd og halde ved

like av kommunen, eller andre, t.d. regionale friluftsråd, og kan vera parkanlegg, turvegar, lysløyper, leike-

plassar, nærmiljøanlegg, badeplassar, kollar, sletter og bakkar. I kommuneplanen sin arealdel oftast vist som byggeområde på kartet.

Anlegg for friluftsliv

Denne kategorien omfattar anlegg som *dagsturhytter, turvegar, stiar og løyper*. Det vert lagt vekt på at anlegga i størst mogeleg grad skal kunne brukast heile året. Døme kan vera heilårsløyper og skiløyper med lys, og kart til bruk både sommar og vinter.

Friluftsområde

Omgrepet vert nytta om *store, oftast uregulerte område som i hovudsak er privateigd, og som vert omfatta av allemannsretten*. Det er ikkje krav til parkmessig opparbeiding, berre tilrettelegging for funksjon og bruk.

Områda vert nytta til turliv, jakt, fiske, trim og aktiv trening. I kommuneplanen sin arealdel er friluftsområda vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område).

Utviklingstrekk i kommunen

Tysnes kommune har i dag ein viss vekst i folketalet. Me ser at veksten er størst i den yngre delen av befolkninga. Dei overordna mål i kommuneplanen 2018-2030 er å stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å:

- leggja til rette for gode bumiljø for både fastbuande og deltidbuande,
- medverka til utvikling av næring og arbeidsplassar,
- sikra innbyggjarane gode helsetilbod og verdige rammer for offentleg og privat omsorg,
- sikra innbyggjarane tilgang til meiningsfull fritid, og
- sikra innbyggjarane gode kommunikasjonar og god infrastruktur.

For å nå desse måla vil ei god og fornuftig satsing på idrett, aktivitet og friluftsliv vera viktig. Eit breitt og godt tilbod innanfor områda idrett og friluftsliv vil vera mellom dei tinga som gjer kommunen attraktiv for tilflyttarar, ikkje minst barnefamiliar.

Tysnes kommune har mange feriegjester, og desse er viktige for næringslivet i kommunen. Det er m.a. naturen og moglegheitene for variert friluftsliv som gjer kommunen attraktiv for denne gruppa.

Vedlikehald og utvikling av anlegg, friluftsliv, friområde og friluftsområde er difor viktig, både for fastbuande, for ny tilflytting og for å trekka feriegjester til kommunen. Dette skaffar inntekter til tenesteytande næringar av alle slag.

Satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er viktig både for trivsel og helse for dagens innbyggjarar, for næringslivet, og for framtida til heile kommunen.

Mål for planen

Hovudmål

Tysnes kommune skal vera ein attraktiv kommune å bu i. Kommunen skal stimulera til tilflytting og vekst i folketalet ved å leggja til rette for utvikling av arbeidsplassar, bustadtilbod, kulturtilbod, gode offentlege tenester og kommunikasjonar. I tilknyting til tettstadene skal arealplanen sikra tilgang til friluftsområde og til båthamner.

Landbruks-, natur-, og friluftsområda (LNF-områda) i kommunen utgjer ein ressurs som kommunen skal sikra for framtidige generasjonar. Utbygging skal ikkje hindra allemannsretten til naturområde på land eller til sjøareal.

Det er eit overordna mål at alle innbyggjarane i Tysnes kommune får gode vilkår for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, slik at dei kan ha høve til å halde seg i aktivitet ut frå eigne interesser og føresetnader. Utbygde anlegg og tilrettelagde friluftsområde skal vera lagt i rimeleg geografisk nærleik til der folk bur.

Tiltak i bustadstrok, med badeplassar og leikeområde for born, skal prioriterast høgt. Folkehelseperspektivet skal leggjast til grunn for all kommunal planlegging og satsingar.

Delmål

- Bustadfelt og større bustadområde skal ha tilgang til nærmiljøanlegg for uorganiserte aktivitetar.
- Bustadfelt, skular og barnehagar skal ha lett tilgang til naturområde.
- Turvegar skal gje tilkomst til badeplassar og utmark, og det skal finnast tilrettelagde, merka og rydda stigar.
- Areal og anlegg for leik, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal arbeidast inn i arealdelen til kommuneplanen og i reguleringsplanar.
- Når ein legg til rette område og byggjer anlegg skal det leggast vekt på å dekkje behovet til fleire idrettar og brukargrupper og takast omsyn til nye trendar og behov.
- Kommunen skal leggja til rette for at båtfolket kan utnytta friluftsområde langs kysten.
- Skulane og idretten sine behov for anlegg og areal må samordnast.
- Funksjonshemma skal ha tilgang til alle idrettsanlegg og ha gode tilhøve for friluftsliv.
- Ved bygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og fysisk aktivitet skal det takast omsyn til landskapsvern og miljømessige og estetiske tilhøve.
- Kommunen må leggja til rette for at laga får høve til å utvikla utøvarar og leiarar.
- Gang- og sykkelvegnett må byggjast ut for å sikra trygg ferdsel mellom idrettsanlegg, friluftsområde, skular og bustadfelt.
- Kommunen og laga må utvikle gode opplegg for drift og vedlikehald av anlegg

Skildring av no-situasjon for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Generelt

Tysnes har mange fine idrettsanlegg, og ein del tilrettelegging for uorganisert aktivitet, for det meste gjennom samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF). Det er etter kvart kome til gode fri- og nærmiljøanlegg i tilknyting til dei ulike bygdene.

Det er fleire idrettslag i kommunen og dei dekker eit brett spekter av idrettar. Dei fleste av dei ordinære anlegga er eigd og drifta av idrettslaget. Gjennom alle år har enkeltpersonar lagt ned eit stort tal dugnadstimar i samband med bygging, drift og aktivitet. I tillegg er det nokre lag som driv verksemd knytt til generelt friluftsliv.

Tysnes kommune eig gymnastikksalar, skuleplassar, basseng og nokre grusbanar. Tysneshallen sto ferdig i 2004. Hallen er eigd av kommunen, og nyttast av skulen på dagtid, og både av den organiserte idretten og til noko uorganisert aktivitet, t.d. bowling.

Registrerte idrettslag, ungdomslag og idrettsaktivitetar

Namn	Aktivitet
Båtlaget Njord/Tysnes	Sigling/opplæring/symjing
Lundegrend idrettslag	Vanlege mosjonsidrettslagsaktivitetar som trening for born og vaksne, trim., m.m.
Njardar/Tysnes	Fotball
Onarheim idrettslag	Idrettslag som driv vanlege idrettslege aktivitetar i bygda
Reksteren idrettslag	Idrett og nærmiljøaktivitetar
Reksteren karateklubb	Karatetrening
Tysnes enduroklubb	Motorsport
Tysnes hestesportslag	Riding/opplæring/instruktørar
Tysnes idrettslag	Handball/klatring m.m.
Tysnes skyttarlag	
Tysnes Sports Skytterklubb	
Tysnes symjeklubb	Symjeopplæring
Uggdal idrettslag	Volleyball og friidrett
Tysnes golfklubb	Golf
Lunde Ungdomslag	
Tysnes Ungdomslag	
Opdal Ungdomslag	
Reksteren Ungdomslag	

Registrerte friluftslag, grendalag, og friluftsaktivitetar

Namn	Aktivitet
Tysnes Turlag	Turleiing, dugnader, kursing, padling og roing
Bergen og Omland Friluftsråd	Bading/fisking, tur/rekreasjon
Lunde bygdalag	Aktivitet i bygda
Onarheim og Tveit bygdalag	Aktivitet i bygda
Øykjaskoro Vel	Aktivitet i bygda
Hålandsneset bygdalag	Aktivitet i bygda
Reksteren Øylag	Aktivitet i bygda
Venelaget 333 Gjerstadsstølen	Friluftliv og stølsutvikling
Venelaget for Tysnessåto	Friluftsliv, sherpasti

Forutan desse laga har fleire bedehuslag som også eig hus som vert nytta som kulturbrygg, men der idrett, friluftsliv eller fysisk aktivitet ikkje er ein del av kjerneoppgåvene.

Registrerte idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv

Underståande tabell er henta ut frå anleggsregisteret i desember 2023. Det er anlegg som ikkje er registrert i registeret. Andre anlegg kan vera feilregistrert til dømes med feil eigar eller byggeår.

Anleggsnamn	Anleggsstad	Eigar	Anleggsklasse	Byggeår	Anleggsstatus
Tveit Aktivitetspark	Tveit grendahus	Tveit Bygdalag	Nærmiljøanlegg	2022	Ble ikke realisert
Apalvika friluftområde sanitær	Apalvika friluftsområde	BOF	Ordinært anlegg		Eksisterende
Apalvika friluftsområde sandvolleyball	Apalvika friluftsområde	BOF	Nærmiljøanlegg	2016	Eksisterende
Barmahovda nærmiljøkart	Florneshalvøya	Onarheim Idrettslag	Nærmiljøanlegg	2012	Eksisterende
Sletteskogsmarka nærmiljøkart	Florneshalvøya	Onarheim Idrettslag	Nærmiljøanlegg	2012	Eksisterende
Florneshalvøya o- kart	Florneshalvøya	Onarheim Idrettslag	Ordinært anlegg	1977	Eksisterende
Friluftsområder i Tysnes	Friluftsområder i Tysnes	BOF	Ordinært anlegg	2001	Eksisterende

Frilund Forsamlingshuset	Frilund	Lunde Ungdomslag	Ordinært anlegg	1930	Eksisterende
Kjevikafriluftsområde	Kjevikafriluftsområde	BOF	Nærmiljøanlegg		Eksisterende
Myklestadskogen turløype	Kjevikafriluftsområde	Uggdal Bygdalag	Nærmiljøanlegg	2013	Eksisterende
Kjevikafriluftsområde, sandvolleybane	Kjevikafriluftsområde	BOF	Nærmiljøanlegg	2006	Eksisterende
Klubben friluftsområdeturvei ,toalett	Klubben friluftsområde	BOF	Nærmiljøanlegg	2002	Eksisterende
Krabbapollen friluftsområde	Krabbapollen friluftsområde	BOF	Nærmiljøanlegg	2006	Eksisterende
Kyrkjevatnet friluftsområde	Kyrkjevatnet friluftsområde	BOF	Ordinært anlegg	2023	Eksisterende
Kyrkjevatnet turveg med lys	Kyrkjevatnet friluftsområde	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	2023	Eksisterende
Kyrkjevatnet dagsturhytte	Kyrkjevatnet friluftsområde	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	2021	Eksisterende
Lunde skule, ballbinge	Lunde barnehage	Lundegrend Idrettslag	Nærmiljøanlegg	2003	Eksisterende
Lunde pumptrack	Lunde barnehage	Lunde Bygdalag	Ordinært anlegg	2021	Eksisterende
Myklestad rideplass	Myklestad rideplass	Tysnes Hestesportslag	Ordinært anlegg		Eksisterende
Onarheim byggefelt- ballbinge	Onarheim byggefelt	Tysnes Kommune	Nærmiljøanlegg	2003	Eksisterende
Onarheimsmarka - Troldahidlaren turveg	Onarheimsmarka	Onarheim Og Tveit Bygdelag	Nærmiljøanlegg	2005	Eksisterende
Onarheimsmarka o- kart	Onarheimsmarka	Onarheim Idrettslag	Ordinært anlegg	1982	Eksisterende
Peralio Tufte-park	Peralio	Båtlaget Njord/Tysnes	Nærmiljøanlegg	2022	Eksisterende
Peralio kaianlegg	Peralio	Båtlaget Njord/Tysnes	Ordinært anlegg	1987	Eksisterende
Peralio båthus	Peralio	Båtlaget Njord/Tysnes	Ordinært anlegg	1985	Eksisterende
Peralio nærmiljøanlegg, Øykjaskoro vel	Peralio nærmiljøanlegg	Øykjaskoro Vel	Nærmiljøanlegg	2002	Eksisterende
Reksteren leik og trim	Reksteren idrettsplass	Reksteren Idrettslag	Nærmiljøanlegg	2021	Eksisterende
Reksteren idrettsplass, fotballgrusbane	Reksteren idrettsplass	Reksteren Idrettslag	Ordinært anlegg	1993	Eksisterende
Reksteren idretts og kulturbrygg	Reksteren idrettsplass	Reksteren Idrettslag	Ordinært anlegg	1997	Eksisterende

Skorpo o-kart	Skorpo	Onarheim Idrettslag	Ordinært anlegg	1978	Eksisterende
Solstråleøya friluftsområde	Solstråleøya friluftsområde	BOF	Nærmiljøanlegg		Eksisterende
Tveit Ballbinge	Tveit grendahus	Onarheim Og Tveit Bygdelag	Nærmiljøanlegg	2023	Eksisterende
Tysneshallen Bowlinganlegg	Tysnes fleirbrukskall - Tysneshallen	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	2004	Eksisterende
Tysnes fleirbrukskall	Tysnes fleirbrukskall - Tysneshallen	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	2003	Eksisterende
Tysnes fleirbrukskall- klatrevegg	Tysnes fleirbrukskall - Tysneshallen	Tysnes Idrettslag	Ordinært anlegg	2005	Eksisterende
Tysnes ski og friluftssenter "Løkjen"	Tysnes ski og friluftssenter "Løkjen" på Onarheim	Onarheim Idrettslag	Ordinært anlegg	2008	Eksisterende
Solheimsdalen - Løkjen løypetrasè ljos	Tysnes ski og friluftssenter "Løkjen" på Onarheim	Onarheim Idrettslag	Ordinært anlegg	2012	Eksisterende
Tysnes skule skuleplass	Tysnes skule	Tysnes Kommune	Nærmiljøanlegg	2021	Eksisterende
Tysnes skule - ballbinge	Tysnes skule	Tysnes Kommune	Nærmiljøanlegg	2006	Eksisterende
Tysnes skule fotballgrusbane	Tysnes skule	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	1973	Eksisterende
Tysnes skule svømmebasseng	Tysnes skule	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	1973	Eksisterende
Tysnes skytebane - rehab skytebane	Tysnes skytebane	Tysnes Skyttarlag	Ordinært anlegg	2000	Eksisterende
Tysnessåta sherpasti	Tysnesfjella	Venelaget Tysnessåto	Ordinært anlegg	2023	Eksisterende
Tysnesfjella o-kart	Tysnesfjella	Uggdal Idrettslag	Ordinært anlegg	1987	Eksisterende
Tysnesmarka o-kart	Tysnesmarka	Tysnes Idrettslag	Ordinært anlegg	1980	Eksisterende
Reiso kunstgrasbane	Uggdal skule og idrettspark	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	2011	Eksisterende
Uggdal skule - Reiso friidrettsbane	Uggdal skule og idrettspark	Uggdal Idrettslag	Ordinært anlegg	1973	Eksisterende
Uggdal skule - reiso grasbane	Uggdal skule og idrettspark	Njardar/Tysnes	Ordinært anlegg	1992	Eksisterende
Uggdal skule idrettshus	Uggdal skule og idrettspark	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	1973	Eksisterende
Uggdal skule fotballgrusbane	Uggdal skule og idrettspark	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	1973	Eksisterende
Reiso idretthaus	Uggdal skule og	Njardar/Tysnes	Ordinært anlegg	1994	Eksisterende

idrettspark					
Uggdalseidet Grendatun	Uggdalseidet Grendatun	Opdal Ungdomslag	Ordinært anlegg	1990	Eksisterende
Vassbakken - lundegrend	Vassbakken - lundegrend	Tysnes Kommune	Ordinært anlegg	1988	Eksisterende
Vassbakken fotballgrusbane	Vassbakken - lundegrend	Lundegrend Idrettslag	Ordinært anlegg	1992	Eksisterende
Vevatne Pistolbane	Vevatne Pistolbane	Tysnes Sports Skytterklubb	Ordinært anlegg		Eksisterende
Vodlatun forsamlingshus	Vodlatun	Vodlatun Forsamlingshus	Ordinært anlegg		Eksisterende
Vonheim ungdomshus	Vonheim	Tysnes Ungdomslag	Ordinært anlegg		Eksisterende
Solheimsdalen skiløype	Solheimsdalen	Onarheim Idrettslag	Ordinært anlegg	1983	Eksisterende
Gjerstad handballbane	Tysnes skule	Tysnes Idrettslag	Nærmiljøanlegg	1993	Nedlagt
Jensvoll Ballbinge	Jensvoll	Andersland Bygg As	Nærmiljøanlegg		Planlagt
Kyrkjevatnet aktivitetspark	Kyrkjevatnet friluftsområde	Tysnes Kommune	Nærmiljøanlegg		Planlagt
Tysnesfjella kart	Tysnesfjella	Tysnes Turlag	Ordinært anlegg		Planlagt

Tilskotsordningar

Overordna

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert finansiert og drifta gjennom dugnadsarbeid, lokale sponsorar, bidrag frå enkeltpersonar, lokale, kommunale, fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar.

Kommunen informerer om dei ulike tilskotsordningane og hjelplag og organisasjonar med søknader.

Tysnes kommune

Tysnes kommune har følgjande tilskotsordningar til idrettslaga:

- Kulturmidlar

Idrettslaga får etter søknad tilskot til drift av idrettsanlegg og til idrettsarbeid/aktivitet.

Midlane vert fordelt etter ein mal vedteken av Tysnes idrettsråd.

Forutan direkte midlar har me også hatt eit forsøk med gratis leige for bruk av Tysneshallen. Ordninga skal evaluerast.

Det er sett av kr. 172 407 til tilskot til idrettslaga for 2024, og det er sett av kr. 114 938,- til nærmiljøtiltak.ⁱ

Vestland fylkeskommune

Forvaltar midlar til kulturminnetiltak, friluftsføremål og andre søknadsordningar som kan verta aktuelt å søkja i samband med sikring av areal, lokalt samarbeid, skjøtsel, informasjon og planlegging.

Staten

Staten har ulike verkemidlar for å stimulere til utvikling av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Spelemidlar

Kulturdepartementet delar kvart år ut stønad av spelemidlane til bygging av anlegg for idrett og friluftsliv, samt lokale kulturbygg.

Idrettslag, partslag, velforeiningar og andre som ikkje har næring til føremål kan søkja om tilskot. Søknadene skal gå gjennom kommunen.

Vestland fylkeskommune har fullmakt til å fordela midlane til kommunane i regionen.

Det kan søkjast om tilskot innan desse stønadskategoriane:

- Ordinære anlegg (inkl. helsesportanlegg, rehabilitering og ombygging av eldre anlegg for å gjera desse tilgjengelege for funksjonshemma og anlegg for friluftsliv).
- Ordinære nærmiljøanlegg
- Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg (område tilrettelagt ute for eigenorganisert fysisk aktivitet i tilknyting til bu- og/eller opphaldsområde).
- Lokale kulturhus
- Interkommunale idrettsanlegg, (desse må godkjennast av kulturdepartementet)

Lokale aktivitetsmidlar

Tilskot fordelt gjennom Norges idrettsforbund til lokale lag og foreiningar som driv idrett og fysisk aktivitet for barn og unge. Idrettsråda i kommunane får tildelt sum etter tal på innbyggjarar i målgruppa (6-19 år) i kommunen. Det er idrettsråda som avgjer kor stor sum som skal verta tildelt det einskilde lag i sin kommune, innanfor rammene av retningslinjer gitt av departementet og NIF.

ⁱTilskota vert indeksregulert årleg og var kr. 150 000 og kr. 100 000 i 2021.

Miljøverndepartementet

Departementet har ulike tilskotsordningar, m.a. til sikring av friluftsområde og til friluftslivstiltak retta mot born, unge og funksjonshemma.

Statsforvaltaren i Vestland

Landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland forvaltar midlar gjennom SMIL-ordninga (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket) til tiltak som kan ta vare på kulturlandskapet, fremje tilgjenge og opplevelskvalitet. Kommunen har ansvar for lokal fordeling.

[**Oversyn og vurdering av behov for aktivitet, anlegg og friluftsliv**](#)

[**Om kapittelet**](#)

Kapittelet inneholder ein gjennomgang av dei aktivitetane som finst i kommunen i dag, både innanfor den organiserte idretten, og når det gjeld den uorganiserte aktiviteten som fell innanfor rammene for kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

[**Idrett og fysisk aktivitet – organisert aktivitet**](#)

Fotball

Fotball er den største idretten i Tysnes. Njardar/Tysnes er eigar av grasbanen og klubbhuset på Reiso i Uggdal.

Njardar/Tysnes har omfattande tilbod heile året på det kommunale kunstgrasbaneanlegget på Reiso.

Handball

Handballgruppa i Tysnes idrettslag har høg aktivitet i Tysneshallen, som dei nyttar til treningar og kamp. Det er høg aktivitet i gruppa

Symjing

Båtlaget Njord/Tysnes driv aktiv opplæring med vasstilvenning og symjetrenings for born, unge og voksne i bassenget på Tysnes skule (12,5x8,5 m).

Symjehallen treng rehabilitering og betre tilrettelegging for funksjonshemma.

Skyting

Tysnes skyttarlag og Tysnes Sports Skytterklubb har utandørs-banar, skyttarlaget på Flatråker og sportsskyttarklubben ved Våvatnet.

Båe laga nyttar bomberommet ved Tysnes skule til innandørs skyting. Det er gjort tilpassingar av lokalet, og gjort avtale om at arealet vert nytta eksklusivt til skyting.

Klatring

I 2004 vart det lagt til rette for bygging av ein klatrevegg i Tysneshallen, og Tysnes idrettslag har søkt om spelemidlar.

Tysnes idrettslag har gjennomført klatreiningar for born og unge.

Bowling

Interessa for bowlinganlegget i hallen har vore svært stor, og tilboden har vore populært hjå alle aldersgrupper.

Anlegget krev jamt og godt vedlikehald gjennom heile året. Det er no teke initiativ til å skipa ein bowlingklubb.

Ski

Skianlegget på Løkjen har vorte eit fullverdig løypeanlegg med varmestove. Det er nyleg også investert i utviding av parkeringsanlegget på Skjolda. Anlegget er godt fylgt opp av Onarheim idrettslag og vert mykje nytta.

Motorsport

Det har ved fleire høve vore sett i gang forarbeid for å laga motorcrossløype i kommunen. På slutten av nittitalet vart det gjort forsøk på å skipa ein motorcrossklubb, men arbeidet har ikkje vore følgt opp.

Det ligg no føre planar om å få etablert ein endurobane i Uggdalsdalen. Tiltaket vil kunna gje enda større breidde i det samla idretts- og aktivitetstilboden i kommunen.

Golf

Dalen golf vart oppretta privat med driving range i 2004 i Dalen. Det er i dag ein seks hols bane og ein 18 hols «Pitch & put»-bane. Målet frå førre planperiode om å få etablert ein golfklubb og gode banefasilitetar er såleis fylgt opp.

Golfklubben utvida tilboden med ein innandørs golfsimulator i 2022.

Riding

Myklestad rideplass (60x40 m) vart ferdig i 2002. Banen er bygd og eigd av Tysnes heste-sportslag.

Segling

Båtlaget Njord/Tysnes eig Peralio båthus med tilhøyrande kaianlegg, og ein del oselvarar og optimistjollar. Laget har fast seglartrening med opplæring og kursing. Kvart år i juli arrangerer laget seglarveker/sjøsportveker.

Orientering

Skorpo orienteringskart vart rehabilert i 2001 av Onarheim idrettslag. I tillegg har laget utarbeidd orienteringskart over Florneshalvøya og Onarheimsmarka. Lundegrend idrettslag og Uggdal idrettslag har laga kart over Tysnesfjella, og Tysnes idrettslag over Tysnesmarka. Orienteringskarta vert og nyttta som turkart.

Fleire av o-karta treng rehabilitering.

Dans

Seniordansen er aktiv.

Det er p.t. ikkje noko organisert tilbod om dans for unge i kommunen. Det er ønskjeleg at dette vert teke opp i kulturskulen sine satsingar.

Kampsport

Reksteren karateklubb har vore litt av og på dei siste 20 åra. Det er ønskjeleg at det skal vera eit tilbod også innanfor denne idrettsgreina.

Friidrett

Uggdal idrettslag har bygd 400-meter løpebane på Reiso idrettsplass. Det er no trong for rehabilitering av banen. Det har også vore drøfta moglegheit for eit opprusta friidrettsanlegg i kommunen.

Det er elles noko mindre aktivitet innanfor friidretten enn det som har vore tilfelle tidlegare, men det er mellom anna fleire aktive utøvarar innanfor springing, så me ser ikkje vekk frå at aktiviteten her vil ta seg opp etter kvart.

Squash

Det er privateigd squashbane i Onartun, som er open for ålmenta.

Styrketrening

Det er i dag private treningscenter i Uggdal, Våge og Onarheim med god aktivitet.

Aerobic/saltrening

| Aerobic/saltrening er populært og tilbodet vert organisert både gjennom idrettslag, velforeiningar og gjennom private. Dette varierer frå år til år i dei ulike bygdene.

Idrett for utviklingshemma

Idrettslag i kommunen har i samarbeid med friviljugsentralen arrangert sommaridrettsleikar.

Reksteren idrettslag har hatt aktivitetar og ei ekstra hand om dette arrangementet.

Idrett for vaksne og eldre

Bowlingbanen er no opna på dagtid spesielt for denne gruppa, me ser også at golf er eit tilbod som går over generasjonsgrensene.

Tysneshallen vert mellom anna nytta til innebandy med treningstider også for vaksne. I tillegg held seniordansen hus her.

Bedriftsidrett

Det er fleire bedriftsidrettslag i kommunen. Dei arrangerer turneringar innan fotball og bowling.

Idrett for barn og unge

Idrettslag og grendalag arrangerer aktivitetar i gymnastikksalane på skulene. Aktiviteten varierer etter interesse og innsats i nærmiljøa.

ADHD Norge Tysnes lokallag arrangerer open hall for born og ungdom ca. ein gong i månaden.

[**Eigenorganisert aktivitet**](#)

Ballbinge

Det er i dag etablert ballbingar på Onarheim, i Lunde og i Tysnesbygda.

Roing/padling

Det synes å vera stadig større interesse for padling. Etablering av Tysnes turlag vil kunne medverka og styrke interessa for denne aktiviteten.

Dykking

Fleire område vert nytta av spesielt interesserte og feriegjester. Båtlaget Njord/Tysnes har eigen dykkargruppe.

Bordtennis

På skulane er dette eit populært fritidstilbod.

Gaming

Biblioteket har eit spelrom og har hatt eit årleg tilbod om LAN for ungdom.

Tuftepark

Ved friområde i Peralio er det laga til nærmiljøanlegg tilrettelagt for utandørs styrketrening.

Friluftsliv

Ein viktig del av kulturarven vår er å vera ute i naturen. Me har frå gamalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark - etter elvane, på innsjøar og i skjergarden - og til fjells, uavhengig av kven som eig grunnen. Me kan plukke bær, sopp og blomar, og fiska fritt etter saltvassfisk.

Allemandsretten er lovfesta i friluftslova, som stadfestar ålmenta sin rett til fri ferdsel i utmark.

Når det gjeld planlegging av arealbruken i kommunen, er det viktig å leggja til rette for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Friluftsliv er ein viktig del av kvardagen for mange menneske, og ein viktig faktor i det førebyggjande helsearbeidet.

Friluftsområda er ein av dei viktigaste ressursane Tysnes har. Høgare prioriteringar av spele-middelsøknader til friluftsliv, og auka vekt på landskapspleie innanfor landbruket, gjer at det no ligg til rette for å få til ei betre utnytting av den flotte og varierte naturen i kommunen gjennom tilrettelegging og informasjon.

Friluftslivet betyr mykje for reiseliv og turisme og bidrar til å styrkja næringsgrunnlaget i kommunen.

Tysnes kommune er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF har sikra, vore med på planlegging og på opparbeiding av friluftsområde i Tysnes i samarbeid med grunneigarar og kommunen. Medlemsskapen gjer at BOF er aktiv pådrivar mot kommunen for at friluftsinteressene vert tekne vare på.

Friluftsområde

Kommunen har eit godt samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd, og ein bør ta sikte på å utvikla dette samarbeidet.

Område som BOF held ved like

- Fluøyane, bade og fiskeplass. Rikt fugleliv, delar av området er sjøfuglreservat.
- Krabbapollen, lita halvøy med badeplass
- Klubben (Ølfarnes), badeplass med 500 m gangveg tilrettelagt for rullestolbrukarar.
- Ånuglo, båtfartsområde med fine og lune naturhamner. Øya har eineståande vegetasjon med frodig edellauvskog, kalkfuruskog, store eføy, kristorn og barlind. Delar av øya er verna etter naturvernlova.
- Kjekvikjo, badeplass nordvest for Uggdalseidet
- Gunnarsvikjo, badeplass ved innseglinga til Godøysundet. Lettast tilgjenge med båt.
- Skjolda i Solheimsdalen, parkeringsplass, skilting, utgangspunkt for dei sentrale fjellområda.
- Dalen, liten parkeringsplass, skilting, utgangspunkt frå vest til fjellområda.
- Myrdal, parkeringsplass, skilting, turar frå nord til fjellområda.
- Solstråleøya, frodig øy med om lag 20 treslag, gamle spaservegar.
- Peralio friområde, bade og nærmiljøanlegg sentralt nær Våge.
- Apalvikjo, badeområde og nærmiljøanlegg sentralt i Lunde.

Badeplassar

Det er mange fine badeplassar i kommunen, og i nærliken til bustadmiljø er det viktig å sikra dei område og strender som finst. For mange av innbyggjarane og feriegjestene på Tysnes er det lang veg til nærmeste tilrettelagde badeplass, dersom ein ikkje kan nytte båt. Fleire plassar bør opparbeidast med betre åtkomst, parkering og toalett.

Dei fleste bade- og rasteområde er sikra ved leigeavtale. Det vert vurdert å gjennomføra statleg sikring på fleire område.

Turstigar

Det er lagt ned stor innsats for å rydda og merka stiar i dei mest populære turområda. Dette krev høgt fokus og kontinuerleg arbeid også frametter.

Med utgangspunkt i ulike stader i heile kommunen går det turstigar til dei sentrale fjellområda.

- Solheimsdalen-Grovatnet-Såto
- Solheimsdalen-Gjerstadstølen
- Skaret-Ådnastegen-Vetlasåto-Såto
- Vevatne-Ådnastegen-Vetlasåto-Såto
- Lunde-Såto
- Myrdal-Buskaret-Såto
- Vadla-Prestasætre-Såto

- Gjerstad-Huldastølen-Såto
- Vågsmarka-Såto
- Dalen-Gjerstadstølen-Såto

Turvegar

Det finst mange uregistrerte turvegar i kommunen. Dette gjeld både skogsvegar, gamle gangstiar og tråkk. Det store turkartet som vart laga i 2002 er ikkje detaljert nok til å fange opp desse vegane, og dei vert difor stort sett berre nytta av folk med lokalkunnskap.

Dei seinare åra har det vore arbeidd med ulike prosjekt for å sikra god merking og kartfesting gjennom små, enklare kart.

Bilvandringsturar

Hordaland og Bergen Reiselivsråd har i samarbeid med kommunane i gamle Hordaland tilrettelagt for bilturar med merka og passeleg lange fotturar. Til kvar fottur er det laga spesielle turark med kartskisser og informative tekster om natur, historie og kulturminne i området.

Gang- og sykkelvegar

Vegane på Tysnes er stort sett smale og svingete. Biltrafikken har auka, og mange bilistar køyrer fort. Det vert difor dårlige tilhøve for syklistar og fotgjengarar langs mange av vegane.

Det er sykkel- og gangvegar langs desse strekningane:

- Frå Våge sentrum til Tysnes skule
- Gjennom Lunde sentrum
- Frå Eie til Uggdal skule

Vidare utvikling av gang- og sykkelvegnett vil kome den fysiske aktiviteten til gode. Mosjonsprega aktivitet (sykling, jogging, spaserturar) vil verta enklare. Trygge gang- og sykkelvegar vil gjera det lettare for born og unge sjølv å ta seg fram frå buområde til trening og aktivitetar på skular og idrettsanlegg.

Stadig fleire syner interesse for å bruke ferien til sykling, eit resultat av at folk no ønskjer seg tilbake til naturen og bort frå det urbane.

Fisking

Fisking er ein populær aktivitet, og gjev god grunn for einskildpersonar til å ferdast i skog og mark, og på sjøen.

I kommunen er det ca. 200 innsjøar, og det er registrert aure, laks, ål, røye, karuss, regnbogeaure og gjedde.

Ved å leggje til rette for fiskeplassar (kombinert med turstiar) og informere om kvar det er godt fiske, kan kommunen bidra til å auke aktiviteten på dette området. Det vil også ha verknad for turistnæringa.

I kommunen er det fleire gode fiskevatn som legg til rette for enkelt fritidsfiske sidan dei ligg like ved bilvegar, og med parkeringstilhøve.

Båtfart

Tysnes er eit mykje brukt båtfartsområde for heile Bergensregionen. Det er lokale båtlag i Uggdal, Tysnesbygda, Lunde, og på austsida av øya, og gjestehamner i Våge, Uggdal, Årbakka, Lunde, Tveit, Teigen, Onarheim og i Flakkavågen.

Bær- og soppområde

Høve til å plukke sopp og bær er ein del av allemannsretten, og kan vera spanande matauk for dei som interesserer seg for dette. Det er fleire fine område for dette i Tysnes. Interessa for dette synest å vera aukande saman med høgare mat- og miljømedvit.

Oppslagstavler ved dei mest populære turområda kan innehalde naturinformasjon, t.d. om desse ressursane, noko som vil gjera turen til noko meir enn berre ein fysisk aktivitet.

Turkart

I 2002 laga kommunen turkart (målestokk 1:50 000) over heile Tysnes. Bergen og Omland Friluftsråd, Tysnes kommune og Venelaget 333 Gjerstadstølen har laga informasjonstavler ved friluftsområde.

Kommunen har tidlegare, i samarbeid med lag og organisasjonar laga informasjonstavler ved parkeringsplassane til turområda, og har laga enkle turkart med dei viktigaste merkte stiane, m.a. i Tysnes fjellet og Myklestadskogen.

Vandring Tysnes er eit enkelt lite kart med 33 turar med låg inngangsterskel.

Det er dei seinare åra nytta mykje ressursar og dugnadssinnsats knytt til merking og skilting. Det er viktig at dette arbeidet har fokus også frametter, og vert samordna.

Fleire kart og annan informasjon vil auke interessa for og bruken av friluftsområda.

Tysnes Gjev Meirsmak arrangerte Stolpejakt i 2023, i samarbeid med lokale lag og organisasjonar.

Interkommunale idrettsanlegg, friluftsanlegg og kulturanlegg

I plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020 er fire kulturanlegg/område i kommunen vurdert som regionale. Dette gjeld Rekkjetunet, ferdslivegen i Uggdalsdalen, Årbakka og Onarheim sentrum.

På Onarheim vert det i planen mellom anna peika på realisering av nærmiljøanlegget som ligg i sentrumsplanen.

Handlingsprogram for anlegg og område 2021 – 2025

Prioriterte ordinære anlegg for komande år

Prioritet	Anlegg	Ansvar/eigar	Innvest.kostn.	Søkt sum	Status
1.	Turveg kyrkjevatnet	Uggdal idrettslag	4 218 143	1 100 000	Fornya
2.	Turkart Tysnesfjella	Bergen og Hordaland Turlag	415 500	128 000	Fornya
3.	Bowlinganlegg Tysneshallen	Tysnes kommune	667 537	223 000	Fornya
4.	Rehabilitering utsetjingsrampe	Båtlaget Njord/Tysnes	134 589	45 000	Fornya
5.	Bygging av båthus	Båtlaget Njord/Tysnes	373 438	125 000	Ny

Prioriterte ordinære nærmiljøanlegg for komande år

Prioritet	Anlegg	Ansvar / Eigar	Innvest.kostn.	Søkt sum	Status
1.	Bygging ballbinge Jensvoll	Nedre Jensvoll velforening	743 701	241 000	Ny

Langsiktig del

Liste over uprioriterte idrettsanlegg og område for friluftsliv

Prosjekt	Kategori
Basseng, rehabilitering	Ordinære anlegg
Stiar, turløyper, skiløyper og turvegar i fjellet	Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg
Sjøanlegg, tilrettelegging for padling og roing	Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg
Anlegg for funksjonshemma	Ordinære anlegg
Sanitæranlegg, badeplassar	Ordinære anlegg
Dagsturhytter, i fjellet og v/ badeplassar	Ordinære anlegg
Tilrettelegging av anlegg for funksjonshemma.	Ordinære anlegg
Tilrettelegging og sikring av badeområde	Nærmiljøanlegg
Sykkeløyper	Nærmiljøanlegg
Skianlegg	Nærmiljøanlegg
Ridesti, Myklestad	Ordinære anlegg
Tennisbane	Ordinære anlegg
Parkeringsplassar, friluftsområde	Nærmiljøanlegg
Nærmiljøkart	Nærmiljøanlegg
Utandørs klatrevegg	Nærmiljøanlegg
Enduro motorcrossbane	Ordinære anlegg
Anlegg for utvikling av breidda i aktivitetstilboda i Tysnes.	Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg

Friluftsområde som bør sikrast for framtida og oppjusterast

Prioriterte

- Kjekkjo, tilgjenge, skilting og sanitæranlegg
- Ferdslevegen i Uggdalsdalen, tursti og skilting
- Gunnarsvikjo, tilgjenge, skilting og parkering
- Kykjevatnet, skjøtsel, merking og vedlikehald (Statleg sikra)
- Ramnanuten, vedlikehald, skjøtsel og merking
- Fluøyane
- Krabbapollen
- Myrdal
- Solstråleøy
- Klubben
- Ånuglo (Statleg sikra)

Uprioriterte

- Flatråkervassdraget
- Gjøvågfjellet
- Neshamn
- Nedrevåge
- Djupevikjo
- Litla-Vernøy
- Skjeljavik
- Gåsholmane, Onarheim
- Gitlevikjo, Lunde
- Galanten, Humlevik
- Håstøa, Søreidsvika
- Instøy
- Store Marøy, Bårdsund